



Hemsedal kommune
Hemsedalsvegen 2889
3560 HEMSEDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Mabel Katrine Trovum, 22003589

Tilbakemelding på eigenkontrollrapport for avløpssektoren for rapporteringsåret 2022 - Hemsedal kommune

Statsforvaltaren har gått gjennom eigenkontrollrapportane og årsrapportane frå Hemsedal kommune og tar dei til atterhald. Ulsåk reinseanlegg er overbelasta i forhold til dimensjonerande kapasitet, og klarar ikkje sekundærreinsekrava for BOF₅ og KOF_{CR} i 2022.

Rapporterings skjema for 2023 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2024.

Vi viser til eigenkontrollrapportar og årsrapportar for Hemsedal kommune sitt leidningsnett, Trøim reinseanlegg og Ulsåk reinseanlegg for rapportåret 2022.

Statsforvaltaren fekk beskjed frå Hemsedal kommune om at utsleppet frå Ulsåk reinseanlegg oversteig 2 000 pe i 2021, og at Statsforvaltaren difor er rett forureiningsmynde.

Leidningsnett til Trøim reinseanlegg

Hemsedal kommune har rapportert at det er 4 installerte nødoverløp på leidningsnettet til Trøim reinseanlegg, og ingen regnvassoverløp. Av desse er 3 nødoverløp på pumpestasjonar og 1 på reinseanlegget. For 2022 har de rapportert at de har hatt eitt utslepp via overløp på leidningsnettet. Overløpet er oppgitt til å ha vore på 363 m³ avløpsvatn og 3,4 kg fosfor.

Trøim reinseanlegg

Det er for 2022 rapportert at Trøim reinseanlegg har teke imot og behandla 187 024 m³ avløpsvatn, og at det har vore utslepp av 363 m³ via overløp på reinseanlegget. Utsleppsmengda frå reinseanlegget har vore på 52,4 kg i 2022. Dette betyr at kravet til maks restutslepp på 320 kg fosfor i året er overhaldt for rapporteringsåret 2022 (56 kg totalt frå leidningsnett og reinseanlegg samanlagt).

Trøim reinseanlegg klarar reinsekrava for fosfor på 93 %. Reinsegraden er i 2022 berekna til 96,8 % for fosfor. Anlegget klarar også reinsekrava for BOF₅ og KOF_{CR}, då alle enkeltanalysar overheld anten konsentrasjons- eller reinseffektkravet for BOF₅ og KOF_{CR}. Reinsegraden er i 2022 berekna til 94,5 % for BOF₅ og 94 % for KOF_{CR}.



Dimensjonerande kapasitet for Trøim reinseanlegg er oppgitt til å vere 14 000 pe (BOF₅). Kommunen har rapportert at den målte maksvekebelastninga i 2022 var 8 224 pe (BOF₅). Etter vår utrekning er maksvekebelastninga for BOF₅, når vi ser på enkeltprøve datert 17.04.2021, på 10 400 pe (BOF₅). Statsforvaltaren minner difor om forureiningsforskrifta kapittel 14, vedlegg 2 punkt 2.2 bokstav c, som seier at seks inn- og utløpsprøver per år frå avløpsanlegg større enn eller lik 10 000 pe i følsamt område skal analyserast for tot-N.

Hemsedal kommune har i søknad datert 06.11.2020 søkt Statsforvaltaren om nytt løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Trøim reinseanlegg. Søknaden kjem som eit resultat av at Tuv reinseanlegg i 2023 vert knytt til Trøim reinseanlegg ved hjelp av ei overføringsleidning. Dette vil medføre eit større utslepp frå Trøim reinseanlegg som dermed treng nytt løyve. I e-post datert 23.06.2023 skriv kommunen at de ønskjer å vurdere å søkja om felles utsleppsløyve for Trøim og Ulsåkk reinseanlegg, etter Statsforvaltaren tok over som rett forureiningsmynde for Ulsåkk reinseanlegg. Kommunen skriv vidare at de kjem tilbake til dette etter sommarferien. Statsforvaltaren har ikkje høyrte meir frå kommunen i samband med søknaden. Søknaden som per i dag berre gjeld for Trøim reinseanlegg ligg arkivert i eiga sak med saksnr. 2020/37759.

Leidningsnett til Ulsåkk reinseanlegg

Hemsedal kommune har rapportert at det er 3 installerte nødoverløp på leidningsnettet til Ulsåkk reinseanlegg, og ingen regnvassoverløp. I 2022 har de rapportert at det har vore eitt tilfelle med nødoverløp på leidningsnettet til Ulsåkk reinseanlegg på 69 m³. Mengda fosfor i utsleppet er ikkje angitt. Dette er å rekna som mangelfull rapportering. Kommunen må sørgja for å rapportera fullstendig for overløpsutsleppa ved neste års rapportering.

Ulsåkk reinseanlegg

Det er for 2022 rapportert at Ulsåkk reinseanlegg har teke imot og behandla 53 800 m³ avløpsvatn og at det har vore utslepp av 69 m³ via overløp på reinseanlegget. Mengda avløpsvatn er redusert frå 2021, då det vart behandla 71 670 m³.

Ulsåkk avløpsreinseanlegg klarar reinsekravet for fosfor på 90 %, med ein berekna reinsegrad på 92,68 % i 2022.

Reinsekravet for BOF₅ er overheldt med tanke på kor mange enkeltprøver som overheld anten ein utsleppskonsentrasjon på 25 mg O₂/l eller 70 % reinseffekt (11 av 12 enkeltprøver overheld krava). Enkeltanalysane viser likevel at det har vore ein overskriding på 100 % av konsentrasjonskravet på maksimalt 25 mg O₂/l for BOF₅. Prøven tatt 11.10.2022 viser ein konsentrasjon på 92 mg O₂/l for BOF₅ samtidig som reinseffekten på 70 % heller ikkje er overheldt. Slike 100 % - overskridingar er å rekne som eit avvik frå sekundærreinsekravet i seg sjølv.

Reinsekravet for KOF_{CR} er også overheldt med tanke på kor mange enkeltprøver som overheld anten ein utsleppskonsentrasjon på 125 mg O₂/l eller 75 % reinseffekt (10 av 12 enkeltprøver overheld krava). Enkeltanalysane viser likevel at det har vore ein overskriding på 100 % av konsentrasjonskravet på maksimalt 125 mg O₂/l for KOF_{CR}. Prøven tatt 08.11.2022 viser ein konsentrasjon på 324,8 mg O₂/l for KOF_{CR} samtidig som reinseffekten på 75 % heller ikkje er overheldt. Slike 100 % - overskridingar er som nemnt ovanfor eit avvik frå sekundærreinsekravet i seg sjølv.



Dimensjonerende kapasitet for Ulsåk reinseanlegg er oppgitt til å vere 2 000 pe (BOF₅). Kommunen har rapportert at den målte maksvekebelastninga i 2022 var 2 338 pe (BOF₅). Etter vår utrekning er maksvekebelastninga for BOF₅, når vi ser på enkeltprøve datert 08.11.2022, på 3 723 pe (BOF₅). Dette betyr at dimensjonerende kapasitet er overstige. Statsforvaltaren påpeikar at anlegget ikkje har klart sekundærreinsekrava i 2022, og det må ikkje tillatast påslepp til reinseanlegget som gjer det vanskeleg å overhalde krava i utsleppsløyvet og forureiningsforskrifta.

I fjorårets rapportering kommentere Statsforvaltaren at kommunen ikkje hadde teke tilstrekkeleg tal prøver for fosfor i rapporteringsåret. Dette har kommunen retta opp i for 2022.

Statsforvaltaren har vore i dialog med Hemsedal kommune om Ulsåk reinseanlegg og stadfestar at kommunen må søkje om utsleppsløyve for det samla utsleppet frå «*tettbebyggelsen*» (jf. definisjon i forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav k) som Ulsåk reinseanlegg er del av. Hemsedal kommune har oppgitt at de vil vurdere å søkje samla for Trøim og Ulsåk reinseanlegg. Statsforvaltaren vil følge opp Ulsåk reinseanlegg i samband med sakshandsaminga.

Konklusjon

Hemsedal kommune har nokon manglar i rapporteringa si for 2022 når det gjeld mengda fosfor i overløp på leidningsnett. Vidare er Ulsåk reinseanlegg overbelasta i forhold til dimensjonerende kapasitet, og klarar ikkje sekundærreinsekrava for BOF₅ og KOF_{CR}.

Vi tar med dette eigenkontrollrapportane og årsrapportane for 2022 til atterhald.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på:

<https://www.miljodirektoratet.no/skjema/avlop-rapportering/>

Rapporteringsskjema for 2023 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2024. Vi minner om at årsrapportering til Statsforvaltaren skal leggest som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering kan de finne i vårt skjemabibliotek:

https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-oslo-og-viken/skjema-og-tjenester/miljo-og-klima/avlop---arlig-rapportering/rapporteringsskjema_endelig_oppdatert_statsforvalteren.docx

Eigenrapportens data om årlege utslepp for reinseanlegg vil bli lagt ut på nettstaden «Norske Utslipp» i juni 2023. Se <https://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsannlegg/?SectorID=100>

Med helsing

Hilde Sundt Skålevåg
seksjonssjef
Klima- og miljøvernavdelingen

Mabel Katrine Trovum
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hemsedal kommune v/ Jonas Bakko Enoksen